



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokn

Møtebok Ørskog sokneråd

Møtedato: 24.10.2024
Møtetid: kl. 16.30 – 18.30
Møtestad: Kyrkjetorget

Til stades Mons-Olav Walgermo
May-Sissel Osvik
Ingeri Madsen
Kari Pauline Longva
Kim-Ove Hestås
Kristian Fjørtoft
Knut Steinar Dyrkorn
Jan Kristian Behretz (prest)
Solveig F. Whitcomb (kateket)
Marc Labruijere (kantor)

Forfall Doreen Strømmen, Ola Sønderland (vara), Ann Kristin Paulsen (vara),
Kristian Sveen (vara), Astrid Josefine Eide (dagleg leiar)

Sakliste

- 55/24 Godkjenning av innkalling og sakliste**
- 56/24 Godkjenning av møtebok 19.09.2024**
- 57/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar**
 - Nytt frå stab og utval
 - Kator, Marc Labruijere, orienterer
 - Nytt frå Fellesrådet
- 58/24 Påskekudstenesta 2025**
- 59/24 Medarbeidarfest 2025**
- 60/24 Fjerne / beskjere tre rundt kyrkja**
- 61/24 Ny oppslagstavle ved kyrkja**
- 62/24 Støtte til gratis julefeiring**
- 63/24 Eventuelt**



Saker

55/24 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner innkalling og sakliste utan merknadar

56/24 Godkjenning av møtebok 19.09.2024

Vedtak:

Ørskog sokneråd godkjenner møteprotokoll frå 19.09.24 utan merknadar

57/24 Orienteringssaker / skriv og meldingar

- **Ny kontor**, Marc Labruijere, orienterer soknerådet om tankar for sitt arbeid.
 - Ørskog er litt annleis enn Skodje der kyrkja er mindre og dei har kor. Godt akkompagnement hjelper, men problemstillinga er kanskje meir samansett (altså kvifor folk ikkje syng?)
 - Ønsker å involvere andre kulturelle krefter, til dømes dans? Solistar, kor? Korps?
 - Opptatt av å gi tilbod også utanfor gudstenesten.
 - Skal samarbeide med Ørskog Brass i desember
- **Samtale:**
Gudstenesta; korleis er den relevant for folk i dag?
 - Kan vi få litt fleire kjente salmar?
 - Involvere gudstenesteutvalg, samtidig som ein tenker på dagens tekst / tema, ønsker samarbeid
 - Kva med forsongargruppe?
 - Meir skjermbruk, til dømes salmetekst?
 - Liturgien er også viktig for å kunne delta
 - Nokre gongar er det fint å delta gjennom å få noko; lytte til musikken, lytte til teksten, lytte til/sjå på noko
 - Vekselsang kan gjerast i ulike variantar
 - Orgelet trenger å ferdigstilles (har venta i 40 år), er ikkje ferdigstilt. Fellesrådet må ferdigstille orgelet, men per i dag er det ikkje økonomi til dette. Anslag på 500.000 – 1.000.000.
 - Kor-helg? (per i dag ikkje noko kor i Ørskog, men kanskje nokon kunne tenkt seg å være med litt intensivt i ein kortare periode, til dømes ei gospel-helg?). Invitere Respons til å ha ei slik helg? Involvere konfirmantane?
 - Felles liturgisk grunnordning for Skodje og Ørskog?

Nytt frå Fellesrådet



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokn

Nytt frå utval og komitéar

Husstyret

- Byte av vindauge skjer i mars 2025. Maling på dugnad.

Julekrybba

- Har stått utanfor dåpssakristiet i kyrkja. Kanskje me skal flytte den ein stad der fleire får sjå den? Samfunnshuset? Drivhus i sentrum? Småsenteret? Ved den gamle julegrana? Ved den nye julegrana? Representant som sjekker løyve, undersøker om drivhus er ei god løysing, eller tenke på andre alternativ? Knut Steinar og Kim-Ove og Mons Olav sjekkar ut.

Vedtak:

Ørskog sokneråd tek skriv og meldingar til vitande.

58/24 Påskekudstenesta 2025

Vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek ein intensjon om å gjennomføre ei felles gudsteneste med Skodje sokn på 1. påskedag. Gudstenesta skal utformast som ei festgudsteneste med deltaking frå kyrkjekor og messingblåsarar. Ørskog sokneråd ser for seg at dette kan utviklast til ein årleg tradisjon der sokna byter på å vere vertskap. Målsettinga med samarbeidet er å samle krefter frå det lokale musikklivet, frivillige i sokna og kyrkjelydsstaben, for å skape ei rik og inkluderande påskefeiring i begge sokn.

Ørskog sokneråd ønsker å setje ned ein felles komite for planlegging.



DEN NORSKE KYRKJA

Ørskog sokn

59/24 Medarbeidarfest 2025

Vedtak:

Ørskog sokneråd ønsker å invitere, i samarbeid med Skodje sokneråd, til medarbeidarfest på Brusdalsheimen. May-Sissel Osvik og Kari Pauline Longva bidreg i komité saman med ein representant frå staben. Det skal leggst til rette for at begge sokn vert representerte i planlegginga av programmet.

60/24 Fjerne / beskjere tre rundt kyrkja

Vedtak:

Vi ber Fellesrådet om løyve til å beskjære trea.

61/24 Ny oppslagstavle ved kyrkja

Vedtak:

Ørskog sokneråd ønsker å påpeike ovanfor Fellesrådet at dagens oppslagstavle treng vedlikehald samt ei vurdering på om den bør skiftast ut.

62/24 Støtte til gratis julefeiring

Vedtak:

Ørskog sokneråd vedtek å støtte julearrangement som David og Monica på Vaksvik Sportskapell vil lage til for einsame og trengande i julehelga med kr 10 000

63/24 Eventuelt

- Ingen påmeldingar til Lys Våken enda, Kim-Ove kan bekrefte at brevet har kome i posten til målgruppa
- Donasjon til Jul for fattige: 10.000 kr
- Basar på laurdag, bli med om du kan
- Nokon som kan hjelpe til på julebutikken på Småsenteret?
- Fellesskapskveld i kveld: orientering ved Jan Kristian

Neste møte: 28.11.2024.

For Ørskog sokneråd

Solveig F. Whitcomb (ref.)

Mons-Olav Walgermo (ref.)

Astrid Josefine Eide, dagleg leiar (ref.)